



ROGALAND  
FYLKESKommune

## Saksprotokoll

---

**Utvalg:** Fylkesutvalget  
**Møtedato:** 25.11.2014  
**Sak:** 203/14

---

**Resultat:** Innstilling enst. vedtatt

**Arkivsak:** 14/17411  
**Tittel:** **SAKSPROTOKOLL: FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM MIDLER  
TIL INVESTERING OG BEDRIFTSUTVIKLING I LANDBRUKET.  
HØYRING**

**Behandling:**

**Votering:**

Innstillingen ble enstemmig vedtatt.

**Vedtak:**

Rogaland fylkeskommune oppmodar departementet til å leggje til rette for ei regionalisering av landbrukspolitikken.

Rogaland fylkeskommune oppmodar departementet om å ikkje leggje føringar på bruken av regionale midlar til utgreiing og tilrettelegging anna enn at dei skal nyttast til å følgja opp og gjennomføra den regionale landbrukspolitikken. Den regionale landbrukspolitikken skal vera forankra i ein regionalplan heimla i plan- og bygningslova med krav om eit samordna og forpliktande regionalt handlingsprogram.

## Saksutgreiing

# FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM MIDLAR TIL INVESTERING OG BEDRIFTSUTVIKLING I LANDBRUKET.

## HØYRING

---

---

### Trykte vedlegg:

Høyringsbrev frå Landbruks- og Matdepartementet dagsett 1. oktober 2014.  
Forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket.

### Utrykte vedlegg:

Stortingsmeldinga Velkommen til bords  
Regionalplan landbruk  
Handlingsprogram næring  
Regionalt bygdeutviklingsprogram (på heimesida til landbruksavdelinga hos Fylkesmannen)

---

---

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### 1. Bakgrunn:

Landbruks- og Matdepartementet, LMD, har forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket på høyring. Høyringsfristen er 28.november 2014.

Bakgrunnen for å endra gjeldande forskrift frå 2009, er dei siste jordbruksoppgjera.

LMD seier i høyringsbrevet: *I disse jordbruksoppgjørene ble maksimal prosentsats for tilskudd til investeringer i produksjonsanlegg hevet og maksimal grense for tilskudd til produksjonsanlegg opphevet på nasjonalt nivå. Ordningen med sentrale bygdeutviklingsmidler.. forvaltet av Innovasjon Norge ble ikkje videreført, og praktikantordningen innenfor utrednings- og tilretteleggingsmidlene ble avvirket. Ut fra et mål om en mer enhetlig forskrift, samt behovet for presisering og tydeliggjøring av forskriftens virkeområder og bestemmelser, har departementet også foreslått enkelte andre endringer i forskriften.*

Det er Innovasjon Norge som forvaltar midlane til investering og bedriftsutvikling i landbruket.

### 2. Problemstilling:

Fylkesrådmannen legg fram saka for å setja søkjelyset på det regionale handlingsrommet når det gjeld regionale midlar til utgreiing og tilrettelegging til bygde- og næringsutvikling i landbruket. Desse blir forvalta av landbruksavdelinga hos fylkesmannen etter fullmaktsbrev frå departementet. Bruken av desse midlane er ikkje lenger heimla i forskrifta. Det opnar opp for at heile potten som vert overført frå Staten ved Landbruks- og Matdepartementet til Fylkesmannen, kan brukast til å følgja opp og gjennomføra regional landbrukspolitikk.

### **3. Saksopplysingar**

Forslaget til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket inneheld ikkje store materielle endringar. Det er strukturelle endringar. Forslaget er ei meir reindyrka forskrift med at dei regionale utgreiings- og tilretteleggingsmidlane er tatt ut.

### **4. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

I den siste Stortingsmeldinga om landbruket, *Velkommen til bords*, er ein oppteken av ei regionalisering av landbrukspolitikken.

#### **1.4.3 Politikk tilpasset regionale muligheter og utfordringer**

Regionale forskjeller i muligheter og utfordringer må fanges opp i utformingen av de landbrukspolitiske virkemidlene og gjennom en mer regionalt tilpasset landbruks- og matpolitikk. Ved å styrke det regionale handlingsrommet vil det være lettere å bygge opp under den lokale vekstkraften, slik at den utløser økt aktivitet med utgangspunkt i bredden av landbrukets ressurser.

Som et ledd i en mer regionalt tilpasset landbruks- og matpolitikk, vil Regjeringen styrke det regionale handlingsrommet gjennom å legge til rette for at næringsutviklingsmidlene i større grad forvaltes regionalt. For å bidra til dette opprettes det Regionale bygdeutviklingsprogram. Disse programmene skal bestå av allerede eksisterende ordninger rettet mot næringsutvikling. De Regionale bygdeutviklingsprogrammene skal også omfatte ordninger rettet mot miljøtiltak på regionalt nivå. Her skal dagens regionale handlingsrom videreføres. De Regionale bygdeutviklingsprogrammene skal bidra til å styrke og samordne det regionale nærings- og miljøarbeidet på landbruks- og matområdet, og bidra til økt mobilisering av lokale ressurser og til å bygge opp under den lokale vekstkraften.

Innenfor rammene av en mer regionalt tilpasset landbruks- og matpolitikk vil Regjeringen at det skal det legges vekt på særlige utfordringer i områder med store distriktspolitiske utfordringer hvor landbruket har stor betydning. Det skal legges vekt på å utnytte regionale fortrinn og lokale mattradisjoner.

Fylkeskommunen har ein regional landbruksplan og ein regional landbrukspolitikk vedteken i fylkestinget våren 2011. Regionalplan landbruk er førande og eit samordna styringsdokumentet for heile det regionale verkemiddelapparatet innan landbruket. Regionalplan landbruk er Rogaland sin landbrukspolitikk.

Fylkeskommunen følgjer opp regionalplan landbruk og den regionale landbrukspolitikken med handlingsprogram næring. Handlingsprogram næring er eit regionalt utviklingsprogram for landbruket i Rogaland. Det er førande for korleis fylkeskommunen prioriterer å bruka dei regionale utviklingsmidlane frå statsbudsjettet og for midlane til kompetanse, likestilling og rekruttering (jordbruksavtalemiddel) frå LMD.

Det er dei regionale planane innan klima og energi, næringsutvikling og landbruk som igjen er styrande for handlingsprogram næring. Handlingsprogram næring er og eit partnerskap med landbruksavdelinga hos Fylkesmannen, Innovasjon Norge, avdeling Rogaland og fylkeskommunen. Det er fylkeskommunen som er regional utviklingsaktør for landbruket og som difor har hovudansvaret for å koordinera og

samle dei andre regionale verkemiddelaktørane og partnerskapen. Handlingsprogram næring kan sjåast på som ein felles pott med regionale utviklingsmidlar til å følgja opp og gjennomføra regional landbrukspolitikk.

For å nytte dei regionale utgreiings- og tilretteleggingsmidlane, må Fylkesmannen laga eit regionalt bygdeutviklingsprogram. Det er eit krav frå Staten. LMD seier i høyringsbrevet: *For de regionale midlene til utgreiings- og tilretteleggingstiltak gis det videre egne føringer i fullmaktsbrevet til fylkesmennene. Det legges til grunn at fylkesmannen forvalter midlene i tråd med disse føringene samt gjeldende regelverk, herunder forvaltningsloven og reglement for statlig styring. Ut over dette skal det være rom for regional tilpassing i bruken av disse midlene.*

I dag lagar me på regionalt nivå, to utviklingsprogram for korleis leggje til rette for utvikling i landbruket. Fylkestinget har vedtatt handlingsprogram næring 2015, sak 74/13 i møtet 21. oktober 2014. Det vil vera ei forenkling og ei effektivisering om ein slepp kravet om regionalt utviklingsprogram frå Staten og om handlingsprogram næring blir eit felles regionalt utviklingsprogram for alle partane og bruken av utviklingsmidlane. I Rogaland har me to styringsdokument for korleis bruka og prioritera ei avgrensa mengde økonomiske verkemiddel til utvikling av landbruket. Statlege føringar og handlingsprogram næring. Noko av dei regionale utgreiings- og tilretteleggingsmidlane vert lagt i partnerskapet og oppfølginga av handlingsprogram næring og noko av midlane vert brukt av landbruksavdelinga hos Fylkesmannen til å følgja opp statleg landbrukspolitikk. Fylkesrådmannen meiner dette ikkje er i samsvar med Stortingsmeldinga om ein meir regionalt tilpassa landbruks- og matpolitikk.

## 5. Konklusjon.

Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunen følgjer opp signala i Stortingsmeldinga om ei regionalisering av den statlege landbrukspolitikken med regionalplan landbruk og gjennomføring av den regionale landbrukspolitikken med handlingsprogram næring. Ei fullstendig regionalisering vert det ikkje før Staten sluttar å gi føringar på bruken av dei regionale midlane til utgreiing og tilrettelegging for utvikling i landbruket.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

### Forslag til vedtak:

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

Rogaland fylkeskommune oppmodar departementet til å leggje til rette for ei regionalisering av landbrukspolitikken.

Rogaland fylkeskommune oppmodar departementet om å ikkje leggje føringar på bruken av regionale midlar til utgreiing og tilrettelegging anna enn at dei skal nyttast til å følgja opp og gjennomføra den regionale landbrukspolitikken. Den regionale landbrukspolitikken skal vera forankra i ein regionalplan heimla i plan- og bygningslova med krav om eit samordna og forpliktande regionalt handlingsprogram.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

Trond Nerdal  
fylkesrådmann

Norvald Skretting  
næringssjef

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*